



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppe

VURDERINGSRAPPORT

KINSARVIK SKULE



15.11.2010 – 18.11.2010

Vurderingstema: Kunnskap i fokus; greier vi å inkludere alle i eit positivt læringsmiljø der tydelege krav, mål og forventningar gjennomsyrrer heile organisasjonen?

Kinsarvik skule

5780 Kinsarvik

Rektor: Marit Gursli

e-post: <http://www.kinsarvikskule.net/>

Tlf.: 53 67 15 90



Innholdsliste:

1. Eit framtidsretta vedtak i Hardanger/Voss regionen
2. Fakta om skulen/vurderingstema
3. Vurdering
4. Glansbilde
5. Sterke sider
6. Utviklingsområde
7. Vidare arbeid

Vedlegg:

1. Deltakarar i vurderinga
2. Tidsplan
3. Metodar
4. Tomme malar som har vorte brukt i vurderinga



1 - Eit framtidsretta vedtak i Hardanger/Voss regionen

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt: "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet. Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering.

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss vedtok difor i år 2000 å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Dette har i ettertid synt seg å vera eit svært så framtidsretta vedtak. Det vart utarbeidd ein modell for ekstern vurdering i regionen, og denne modellen har synt seg svært levedyktig og har spreidd seg til over 100 kommunar rundt om i heile landet.

Etter at me starta med ekstern vurdering for å betra kvaliteten i skulen, har det kome fleire meldingar frå sentrale styresmakter som understrekar kor viktig det er å ha system som etterspør og sikrar kvalitet i opplæringa, mellom anna i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Vidare kom St.meld. nr. 30. (2003-2004) "Kultur for læring", som var forløparen til ny læreplan, "Kunnskapsløftet" (2006).

Det synte seg då at Hardanger/Voss modellen var kjend heilt inn i Utdanningsdirektoratet, dei ville nytta vurderingsmodellen vår på skular rundt om i landet. Fleire av vurderarane i regionen har vore med i dette arbeidet, og vurdert store og små skular rundt om i heile landet, også vidaregåande skular.

Barnehagane i regionen vert også vurdert etter same modellen, der er det førskulelærarar som er vurderarar. Fleire regionar/kommunar ønskjer no opplæring i barnehagemodellen, noko Utdanningsdirektoratet støttar økonomisk.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd



Kven er vurderar?

12/14 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei 38 grunnskulane i regionen i løpet av 3 år, dvs. 12 skular pr år. To frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen.
- Vurderarane nyttar verktøy utvikla av Utdanningsdirektoratet, "Ståstedsanalysen" og "Elevundersøkelsen".
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av glansbilde, det vil sei kriterium på kvalitet og teikn på god praksis, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

På bakgrunn av dokumentanalyse, intervju med elevar og lærarar, møte med foreldre og observasjon på skulen skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utviklingsområde skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men er eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med og utvikla til det betre på skulen.

Det har synt seg at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta i den eksterne vurderingsprosessen, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.

Skulevurdering





2 - Fakta om skulen og val av vurderingstema

Skulen ligg i Kinsarvik sentrum og er frå skuleåret 2003 - 2004 ein kombinert barne- og ungdomsskule med nybygd barneskulefløy. Skulen har 183 elevar.(med mottakselevar) Talet på tilsette er 46. Av desse er 32 lærarar, 9 assistentar og 5 andre tilsette.

Skulen har symjebasseng som er ope for publikum på ettermiddagstid, og like ved skulen ligg ei grusbane med ballbinge. Dei tilsette har godt med kontorplass og her er gode undervisningsrom. Skulen har bra med IT-utstyr og god kompetanse på bruk av IT i undervisninga.

Kinsarvik skule: Kunnskap til alle – ingen utanfor

Hovudmålet til skulen dette året er arbeid med kjerneverdier; kunnskap i fokus, positivt læringsmiljø, toleranse og respekt, godt samarbeid og god kommunikasjon. Dette er bakgrunnen for val av vurderingstema.

3 – Vurdering



4 - Glansbilde

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram. Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.



Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

Tema: Kunnskap i fokus; greier vi å inkludere alle i eit positivt læringsmiljø der tydelege krav, mål og forventningar gjennomsyrrer heile organisasjonen?

KRITERIUM	TEIKN PÅ GOD PRAKSIS
Personalet arbeider målretta og systematisk for at kvar elev skal oppleve eit positivt og inkluderande læringsmiljø	<ul style="list-style-type: none">- Personalet praktiserer felles rutinar for orden og åtferd på skulen- Personalet møter elevane med forventning om positiv åtferd- Personalet tek ansvar for alle elevane- Lærarane ser alle elevane og viser dei respekt som enkeltindivid- Timane er godt planlagde, med konkrete, tydelege og realistiske mål- Lærarane lagar vekeplanar/periodeplanar med tydelege krav til kva som skal lærast
Elevane kjenner meistring i skulekvardagen	<ul style="list-style-type: none">- Elevane får tydeleg ros når dei fortener det- Den umotiverte eleven blir møtt på ein kreativ måte- Skulekvardagen er forutsigbar og undervisninga er strukturert- Elevane får jamleg tilbakemelding og tydeleg framovermelding på arbeidet dei gjer- Elevane får oppleve at samarbeid er positivt og læringsfremjande
Skulen og heimen samarbeider om elevane si læring	<ul style="list-style-type: none">- Dei føresette veit kva ungane deira skal lære på skulen, og læringa skapar dialog mellom heimen og skulen- Læringa skapar dialog mellom heimen og skulen og mellom barn og føresette- Dei føresette veit korleis dei skal påverka i høve til eit positivt og inkluderande læringsmiljø- Dei føresette møter førebudde til planlagde konferansetimar og møter på foreldremøta- Dei føresette støttar elevane i heimearbeidet



Skulen er ein lærande organisasjon	<ul style="list-style-type: none">- Personalet er opne for endringar- Leiinga legg til rette for at personalet har ei felles forståing av omgrepet <i>positivt læringsmiljø</i>- Leiinga må sikre at alle i personalgruppa har kompetanse i høve til dei krav og forventningar dei kvar dag står overfor- Leiinga legg opp til samarbeid på tvers av teama- Leiinga gir personalet tid til å drøfte "den gode timen" på Kinsarvik skule- Skulen har ein handlingsplan mot mobbing som alle dei tilsette er kjent med og brukar aktivt
------------------------------------	--



5 - Skulen sine sterke sider innan vurderingsområdet

Personalet arbeider målretta og systematisk for at kvar elev skal oppleve eit positivt og inkluderande læringsmiljø

- *Personalet møter elevane med forventning om positiv åtferd*
- *Lærarane ser alle elevane og viser dei respekt som enkeltindivid*

Kvaliteten på relasjonen mellom elevar og lærarar heng nøye saman med elevane si læring, åtferd og oppleving av skulen. Det er den subjektive opplevinga til eleven som bestemmer utviklinga og etableringa av relasjonar. Det er og slik at det er læraren som har hovudansvaret for kva slags relasjon det er mellom lærar og elev. (Forskergruppen 2009)

Alle informantar seier at relasjonen mellom lærarar og elevar er gode på skulen. Fleire elevar seier at det beste med Kinsarvik skule er lærarane. Ein elev seier at ein god lærar skal vera "akkurat slik som dei lærarane me har". Dette viser at lærarane har lykkast med å skapa gode relasjonar som igjen legg grunnlaget for eit positivt og inkluderande læringsmiljø. Dette viser også Ståstedsanalysen som har ei svært god utvikling på punktet *Trivsel med lærerne*.

Kinsarvik skule
15.11.10 – 18.11.10



- *Skulekvardagen er forutsigbar og undervisninga er strukturert*
- *Timane er godt planlagde, med konkrete, tydelege og realistiske mål*
- *Lærarane lagar vekeplanar/periodeplanar med tydelege krav til kva som skal lærast*

Me observerte stasjonsundervisning i 1. – 4. klasse. Dette såg me var godt innarbeidde timar der den faste strukturen på timane gjorde at undervisninga var prega av ro og læring. Kvar stasjon hadde eit tydeleg og realistisk mål som gjorde at elevane arbeidde effektivt. Måla for veka var i fleire klasserom fint hengte opp på veggen.

Funn i dokumentanalysen viser at lærarane lagar vekeplanar/periodeplanar der måla er konkrete og målbare. Elevane seier at dei er lette å finna og forstå. Dei meiner og at måla er realistiske og som ein elev uttrykkjer det: "Viss dei vil, så greier dei det." Foreldra opplever og at elevane må strekkja seg akkurat passeleg.

Elevane kjenner meistring i skulekvardagen

- *Elevane får tydeleg ros når dei fortener det*

"Elever har behov for å bli oppmuntret, for å oppleve å bli sett og for å få ros og støtte for egen innsats. Dette grunnleggende behovet for anerkjennelse finner vi hos alle mennesker, og det er en vesentlig faktor i relasjoner."

http://www.udir.no/upload/Laringsmiljo/Materiell/Bedre_laringsmiljo_materiell.pdf
(s.24)

Assistentane er tydelege på at ros er ein viktig faktor for at elevane skal kjenna meistring. Dei nemner spesielt dei svake elevane der ein må nytta mykje ros om ein ser ein liten framgang, eller når eit mål er nådd. Elevane seier og at dei får ros når dei har jobba godt og at lærarane gjev dei "gode" når dei gjer seg fortent til det på ulike måtar.

Lærarane seier og at spesielt dei yngste elevane kan vera flinke å rosa kvarandre. "Me har flinke elevar som viser og forklarar, dei kan og rose kvarandre ope. Det krev at vi ser dette og kan forsterke dette med ros til den som gjer det." Skryt, fokus på det positive og at dei føler dei vert sett og forstått, seier foreldra er viktig.

- *Elevane får oppleve at samarbeid er positivt og læringsfremjande*

Gjennom kommunikasjon og samspel vert relasjonar utvikla og forsterka. Både lærarar og elevar seier at dei brukar samarbeid for at elevane skal Kinsarvik skule

15.11.10 – 18.11.10



verta kjent med kvarandre. Elevane har mange gode innspel når ein spør dei om dei lærer noko av å samarbeida og korleis dei lærer då. Dei har ei positiv innstilling til samarbeidsoppgåver og vil gjerne ha meir av det. Men dei er og tydelege på at utbyttet er avhengig av kven dei samarbeider med. Det er viktig at samansetjinga av grupper er godt gjennomtenkt.

Skulen og heimen samarbeider om elevane si læring

- *Dei føresette veit kva ungane deira skal lære på skulen, og læringa skapar dialog mellom heimen og skulen*
- *Dei føresette møter førebudde til planlagde konferansetimar og møter på foreldremøta*

Foreldra er godt nøgde med vekeplanane som lærarane lagar. Det er der dei får vita kva ungane skal lære på skulen.

På konferansetimane forventar dei føresette ei ærleg og oppriktig tilbakemelding. Lærarane må tola det same i retur. Skriftleg avtale om vidare arbeid vil dei gjerne ha. Lærarane seier at det er viktig at begge foreldra møter opp på konferansetime og at dei er førebudde slik at dei kan bidra.

- *Dei føresette støttar elevane i heimearbeidet*

Lærarane har positive forventningar til at foreldra legg til rette for skulearbeid heime, og at dei er støttande og viser interesse for faga. Foreldra er opptatt av det same; "Ha ei positiv haldning til lekser, oppmuntring og hjelpe dei med lekser, gode rutinar i heimen". Alle elevinformantar seier at dei får hjelp med leksene når dei treng det.

Skulen er ein lærande organisasjon

- *Personalet er opne for endringar*
- *Leiinga legg til rette for at personalet har ei felles forståing av omgrepet positivt læringsmiljø*
- *Leiinga gir personalet tid til å drøfte "den gode timen" på Kinsarvik skule*

Kinsarvik skule har starta på eit utviklingsarbeid der arbeid med kjerneverdier er hovudmål. I dette arbeidet har dei kome fram til fylgjande kjerneverdier; kunnskap i fokus, positivt læringsmiljø, toleranse og respekt, godt samarbeid og god kommunikasjon. Gjennom vurderingsarbeidet vårt

Kinsarvik skule
15.11.10 – 18.11.10



på skulen har me sett at rektor, personale og elevar har kome godt i gang med arbeidet. Elevane har til no arbeidd med kva tankar dei har om: kunnskap i fokus, positivt læringsmiljø og kva det inneber i praksis. Dei har såleis lagt eit godt grunnlag for å arbeida vidare med dette.

- *Skulen har ein handlingsplan mot mobbing som alle dei tilsette er kjent med og brukar aktivt*

Opplæringslova §9a-3 omhandlar det psykososiale miljøet og seier: *“Dersom nokon som er tilsett ved skolen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle skoleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn.”*

Lærarane seier at arbeid mot mobbing vert tatt opp kvar haust, og at det også vert tatt opp på foreldremøte. Alle er informert om §9a. Skulen er framleis ein Olweus-skule, og lærarane meiner dei fekk vanar då dei jobba med dette opplegget som dei framleis held ved like. Elevrådet brukar også tid på dette.

Fleire informantgrupper nemner at det er god kultur for å ta tak i ting og at det ikkje er så mykje mobbing på skulen no. Klassemøta er og ei nyvinning, og der er det rom for å sjå elevane i klassane. Styrke at sosiallærarane er inne. Elevane nemner og at godt miljø er ein av dei tinga som er det beste med å vera elev ved Kinsarvik skule.

6 - Skulen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet

Personalet arbeider målretta og systematisk for at kvar elev skal oppleve eit positivt og inkluderande læringsmiljø

- *Personalet møter elevane med forventning om positiv åtferd*
- *Personalet praktiserer felles rutinar for orden og åtferd på skulen*
- *Personalet tek ansvar for alle elevane*

Ullensvang herad har arbeidd ut reglar for orden og åtferd som skal vera like for alle skulene i kommunen. Desse heng godt synlege i alle klasserom. I tillegg har kvar klasse diskutert seg fram til sine eigne klasseromsreglar der nokon av fellesreglane kjem tydelegare til uttrykk, spesielt åtferdsreglar. Dette er svært positivt, og det skapar forventningar hos personalet om at elevane forpliktar seg på desse reglane og føl dei opp.

Kinsarvik skule

15.11.10 – 18.11.10



I Ståstedsanalysen kan ein lesa at lærarane meiner dei har noko å jobba med i høve til å handheva reglane for orden og åtferd på same måten. 47,8% seier at dette er eit dilemma i kvardagen. Intervjua med personalet understrekar dette. Elevane seier det slik: "Trur det er lærarane sine haldningar som avgjer kva dei ser." Dette viser seg ved at lærarane ser og gjev merknad på ulike ting. Men personalet fortel at dette er eit punkt dei stadig har oppe til debatt på fellesmøte og teammøte.

Når det gjeld punktet om at alle elevane er våre elevar, står det klart å lesa i *Ståstedsanalysen* at fleirtalet av lærarane tar eit mindre ansvar for dei elevane som ikkje er "sine". 73,9% for å vera presis. Under intervjua kom det fram at det vert lite snakka om dette i personalgruppa. Det er meir som ein uskriven regel at ansvaret for elevane er eit fellesansvar.

Elevane kjenner meistring i skulekvardagen

- *Elevane får tydeleg ros når dei fortener det*
- *Elevane får jamleg tilbakemelding og tydeleg framovermelding på arbeidet dei gjer*

Alle veit at det å meistra oppgåver ein blir pålagde er med på å styrka einskildindividet sitt sjølvbilete. Skulen har som oppgåve å vera med å gje elevane trua på egne evner. Det gjer pedagogane når dei utfordrar elevane akkurat nok til at dei evnar å strekkja seg eit hakk. Tilbakemeldingane må då vera prega av ros og ein klapp på skuldra. "Dette gjekk fint." Ros verkar best når den blir gitt der og då, og den må vere opplevd som fortent av eleven. Foreldra er opptekne av dette. Dei seier at skryt og fokus på det positive er viktig for elevane sin motivasjon for læring. I tillegg må dei føla at dei vert sett og forstått av dei vaksne rundt seg. Elevane seier sjølv i intervjua at dei trivst med lærarar som forstår dei og oppmuntrar dei. Blir utfordringane for store, gir elevane opp. Skjer dette ofte, er ein fort inne i ein vond sirkel det kan bli vanskeleg å koma ut av.

Når elevane får oppgåver dei skal gjennomføre, har dei krav på tilbakemelding der dei får vite noko om kva som gjekk bra og kva dei må jobba vidare med. Dei skal og få vita noko om korleis dei kan jobba for å læra seg det dei slit med. Det er dette som vert kalla undervegsvurdering etter LK-06.

Underveisvurdering skal ha læring og utvikling som mål.

Det betyr at den skal gi eleven informasjon som de kan bruke i eget læringsarbeid underveis i opplæringen. LK-06



Framovermelding er eit anna ord som vert mykje brukt i denne samanhengen. Det viser til at kvar elev må få råd om korleis han kan jobba vidare framover for å koma nærast mogeleg opp mot krava i kompetansemåla. Læraren blir den næraste rettleiaren i dette arbeidet. Denne typen undervegsvurdering kan vera både munnleg og skriftleg.

I *Elevundersøkelsen* kan ein tolka tala slik at den faglege rettleiinga er blitt dårlegare på Kinsarvik skule sidan skuleåret 2008/ 2009. Nedgangen er på 0,9 prosentpoeng, frå 4,3- 3,4. Som lesar undrar ein seg over kva som ligg bak desse tala. Er det slik at den faglege rettleiinga som aukar motivasjon og lærelyst har minka? Er det kvaliteten på denne tilbakemeldinga det er noko i vegen med, eller er det slik at elevane får altfor sjeldan slik rettleiing? Elevane me snakka med sa at det er få gonger dei har fått vita kva dei kan gjera for å verta betre. Nokon elevar seier at slike ting får dei kanskje vita på konferansetimane. Dette underbygger svaret i *Elevundersøkelsen* der elevane har svart på spørsmålet: "Hvor ofte forteller lærerne deg hva du bør gjøre for at du skal bli bedre i fagene?" Resultatet er 0,3 prosentpoeng lågare enn gjennomsnittet for Hordaland fylke.

Elevane ynskjer seg ei betre framovermelding, dei ser og gjerne at lærarane tar i bruk vurderingsskjema der tilbakemeldinga kjem tydeleg fram. Ein seier at det hadde vore greitt med slike skjema, då veit me kva som må til for å nå kompetansemåla og oppnå den eine eller den andre karakteren.

- *Elevane får oppleve at samarbeid er positivt og læringsfremjande*

Dette punktet opplever dei fleste elevane som positivt på Kinsarvik skule. Men dette er og ein skule med mange framandspråklege elevar. Det er ikkje uproblematisk, i alle fall for dei elevane som brukar lang tid på å læra seg norsk. Intervjua tyda på at også lærarane opplevde integreringa og samarbeidet mellom elevane på klassenivå utfordrande. "Det er mange utfordringar med framandspråklege på ungdomstrinnet", seier dei, "dei har ikkje kultur for å støtta kvarandre." "Systematisk om korleis me kan undervisa framandspråklege i klassen har me aldri arbeidd med," seier ein av lærarane. Elevane seier at dei ser at det er elevar på skulen som går mykje for seg sjølv, at dei ikkje syns det er lett å gjera noko med dette. Det er alltid den vaksne som er ansvarleg for å leggja til rette for eit inkluderande og positivt fellesskap i klasserommet. Mykje kan gjerast med jamlege elevsamtalar og ved å fokusera på trivselsfremjande aktivitetar og ei ekte formidling av likeverd.

Skulen og heimen samarbeider om elevane si læring

- *Dei føresette veit korleis dei skal påverka i høve til eit positivt og inkluderande læringsmiljø*

Kinsarvik skule
15.11.10 – 18.11.10



"Både loven og læreplanen understreker at hjem og skole har felles interesser når det gjelder behovet for samarbeid til elevens beste. Hjem og skole har felles nytte av at det legges til rette for at barn og unge får et læringsmiljø som skaper vekst og utvikling. Skolen må derfor betrakte foreldrene som jevnbyrdige samarbeidspartnere i utdanningen og oppdragelsen av deres barn."

http://www.udir.no/upload/Laringsmiljo/Materiell/Bedre_laringsmiljo_materiell.pdf (s. 46)

Mange foreldre opplever nok kanskje at dei ikkje har så stor reell innverknad på det som skjer i ungane deira sitt skulemiljø. Møtet me hadde med FAU-medlemmene viste at dei svært gjerne ynskjer å vera i dialog med skulen, dei ynskjer at terskelen for å ta kontakt gjensidig skal fjernast. Det same gjeld kontakten mellom dei ulike heimane. Alle barn og unge har nytte av at det vert utvikla gode relasjonar mellom foreldra i klassemiljøet.

"For å skape trygghet og gode samarbeidsrelasjonar er det viktig at skolen framstår som tydelig med uttalte forventningar, klare regler og tydelige konsekvenser, og at det har vært satset på å utvikle sosial kompetanse blant elevane. I dette arbeidet må foreldrene trekkes aktivt med."

http://www.udir.no/upload/Laringsmiljo/Materiell/Bedre_laringsmiljo_materiell.pdf (s. 46)

Korleis kan så foreldra dras inn i samarbeidet slik at det får positiv innverknad på elevane sin skulekvardag? Kva kan dei faktisk gjera? I alle klassar er det foreldrekontaktar som har eit stort ansvar for å leia dialogen med skulen. På Kinsarvik skule ynskjer foreldra å vera i dialog, skulen har eit flott utgangspunkt for å starta eit positivt samarbeid til elevane sitt beste, til lokalsamfunnet sitt beste. På intervjuet blei det snakka om at det har vore arrangert ulike sosiale tilstellingar, dugnadskveldar, møte og anna. Her er det berre fantasien som kan stoppa oss. Alle vil ha utbytte av å styrka det sosiale nettverket i eit relativt lite miljø.

- *Dei føresette veit kva ungane deira skal lære på skulen, og læringa skapar dialog mellom heimen og skulen*

Alle elevane får med seg vekeplanen heim på papirform. Nokon får planen på e-post, andre på It's learning. Dette var det ikkje alle foreldra som visste, det var fleire som gjerne kunne tenkja seg denne heim på e-post. Etter kvart kom det og fram eit ynskje frå foreldra om opplæring for alle foreldre på bruk av læringsplattforma for alle trinn. "Bruken av It's learning er dårleg, også på ungdomsskulen," hevda dei. Dersom den digitale læringsplattforma hadde vore i bruk slik som tenkt, ville kanskje kommunikasjonen mellom heim og skule vore endå betre enn han er i dag.



Skulen er ein lærande organisasjon

- *Leiinga må sikre at alle i personalgruppa har kompetanse i høve til dei krav og forventningar dei kvar dag står overfor*

Den norske skulekvardagen har endra seg både for elevar og personale. På personalsida har endringane mange stader vore dramatiske; ein har fått mange fleire yrkesgrupper inn i skulen. Det kan vera vernepleiarar, miljøterapeutar, barnevernspedagogar, ulike typar terapeutar, assistentar og andre. Alle har dei jobben sin knytt til barn, men dei har ulik tilnærming og ansvar for barnet den tida det er i skulen. Det er blitt mykje viktigare enn før å samarbeida på tvers av profesjonane. Her er det eit leiaransvar å leggja til rette for samarbeid, og dei ulike yrkesgruppene må vera opne for nye og meir fleksible løysingar. Samtalar med assistentgrupper stadfestar dette. Dei vil ha nytte av å vera med på møte der deira elevar er eit tema, og dei føler at dei kan koma med god og viktig informasjon, også i høve til foreldrekonferansar.

Dagane her i Kinsarvik har gitt oss vurderarar mange nye tankar, mellom anna om det kontinuerlege integreringsarbeidet som må halda fram i ein kommune som vil vera i vekst. Dette krev at ein må jobba med haldningsskapande arbeid, visa toleranse og vera imøtekommande. Me ser at rektor har starta eit utviklingsarbeid med rot i kjerneverdiane. Det er sannsynleg at eit systematisk arbeid med desse vil kunne gi eit godt resultat i høve til at alle føler seg meir sett og inkludert. Kanskje greier de å la dette gjennomsyre heile organisasjonen?

7 - Vidare arbeid

6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Kinsarvik, 18.11.2010

Namn vurderar

Namn vurderar

Kinsarvik skule
15.11.10 – 18.11.10



Vedlegg 1

Interne deltakarar: Personalgruppa på skulen, elevar og føresette.
Vi intervjuar alle i personalgruppa og 46 av dei 183 elevane.
Til foreldremøte møtte FAU og vararepresentantar.

Eksterne deltakarar: Anne Karin Flatlandsmo og Janne Brurok.

Grunngeving for val av informantar:

Me ville at flest mogleg av dei impliserte i skulen skulle kjenna at dette temaet vedkjem alle. Då Kinsarvik skule er ein relativt stor skule, var det vanskeleg å involvera alle foreldre og alle elevar.

Vedlegg 2

TIDSPLAN FOR VURDERING AV KINSARVIK SKULE

Vurderingstema: Kunnskap i fokus; greier vi å inkludere alle i eit positivt læringsmiljø der tydelege krav, mål og forventningar gjennomsyrrer heile organisasjonen?

Vurderingspar: Anne Karin Flatlandsmo og Janne Brurok

TID	AKTIVITET	ANSVAR
August 2010	Kinsarvik skule melder inn vurderingstema til vurderingsgruppa	Rektor
28.09.10	Første kontaktmøte mellom rektor og teamleiarane på skulen og ein av vurderarane. Mål: Presisere temaet for vurderinga og vite meir om bakgrunnen for dette valet.	Vurderar og leing ved skulen
Veke	Vi får nyttig informasjon om verksemda; verksemdsplanar, heimeside etc. tilsendt av rektor.	Rektor
17.10.10 26.10.10	Vurderarane sender eit framlegg til glansbilete. Innspel på glansbiletet sendt frå skulen til vurderarane.	Vurderarane
Veke 44	Vurderarane sender inn kommentar på glansbiletet skulen har arbeidd med.	Vurderarane
Veke 45	Skulen gjev tilbakemelding på glansbilete.	Rektor

Kinsarvik skule
15.11.10 – 18.11.10



Veke 46	<p>Måndag 15. november 08.00- 08.30 Møte med rektor 08.30- 09.00 Intervju 1.+ 2. klasseelevar 09.00- 09.30 Intervju 3.+ 4. klasseelevar 09.30- 10.05 Intervju 5.+ 6. klasseelevar 10.15- 10.55 Intervju 8. klasseelevar 11.00- 11.35 Matpause 11.35- 12.15 Intervju 9. klasseelevar 12.15- 13.00 Intervju 10. klasseelevar 13.15- 13.50 Intervju team lærarar 1.- 4. klasse 13.50- 14.30 Intervju team lærarar 5.- 7. klasse 19.00- 20.00 Møte med foreldra</p> <p>Tysdag 16. november 08.15- 08.30 Infomøte personale 08.30- 11.00 Observasjon i klassane/friminutt 11.00- 11.35 Matpause - observasjon midttide 11.35- 12.15 Intervju assistentar 12.15- 13.00 Intervju assistentar 13.15- 13.55 Intervju 7. klasseelevar 14.15- 15.30 Intervju team lærarar Ungdomssteg</p> <p>Onsdag 17.november Observasjonar i klassane Analyse og vurdering. Rapportskriving.</p> <p>Torsdag 18.november Framlegging av rapport for rektor. Framlegging av rapport for personalet og representant for skuleeigar.</p>	Leiinga legg til rette Rom til disposisjon Vurderarar
Veke 47	Offentleg rapport vert sendt til postmottak i kommunen for arkivering og til per.backer@voss.kommune.no for utlegging på regionen si heimeside.	
Veke 52	Frist for innsending av evaluering av vurderinga. Rektor fyller ut tilsendt skjema og sender til vurderarane.	



Vedlegg 3

Metodar

For å sikra god forankring og at alle røyster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta alle klassekontaktar, elev nr 5, 8, 14, 20 og 25 frå klasselista, 3 faglærarar i praktisk-estetiske fag, 3 kontaktlærarar på trinn 7, heile elevrådet osv.

For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til skulen, og på korleis skulen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen på denne skulen er følgjande metodar nytta:

Dokument- og resultatanalyse

Skulen sendte vurderarane diverse relevante dokument, til dømes verksemdsplan, arbeidsplanar, resultat av *Elevundersøkelsen* 7. og 10. trinn, *Ståstedsanalysen* for Kinsarvik skule våren 2009/10, resultat av nasjonale prøvar og eksamensresultat.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde forslag til eit glansbilete med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i LK-06, Opplæringslova med forskrift og skulen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta på skulen. Skulen godkjende desse med små endringar.

Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarar i forkant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis elevgrupper, foreldre og pedagogar og assistentar. Elevane som vart intervjuva vart valt ut tilfeldig etter nummer i klasselista.

Møte med føresette

Ein føresetnad for god skuleutvikling er god dialog mellom heim og skule. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med klassekontaktane og vararepresentantane ved skulen.

Møte med rektor

Rektor har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som skulen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med rektor dannar grunnlag for gjensidig forståing av skulen sin no-situasjon og for vidare arbeid.

Observasjon

Me observerte i dei aller fleste klassane.



Vedlegg 4

SAMTALEGUIDE ELEVAR VED KINSARVIK SKULE

Tema:

Kunnskap i fokus; greier vi å inkludere alle i eit positivt læringsmiljø der tydelege krav, mål og forventningar gjennomsyrrer heile organisasjonen?

Personalet arbeider målretta og systematisk for at kvar elev skal oppleve eit positivt og inkluderande læringsmiljø	<ul style="list-style-type: none">• Har alle som jobbar på skulen dei same grensene for kva som er lov og kva som ikkje er lov på skulen? -• Korleis skal dei som jobbar på skulen vera for at du skal få lyst til å vera ein grei og positiv elev? -• Får du nok utfordringar i høve til måla på vekeplanen? -• Korleis veit de kva som skal lærast? -
Elevane kjenner meistring i skulekvardagen	<ul style="list-style-type: none">• Kva seier læraren når de har gjort noko bra eller jobba godt? -• Kva må til for at de skal verta meir uthaldande i timane og få lyst å læra? -• Korleis veit de på førehand kva de skal læra i timane? -• Korleis får de tilbakemelding på arbeidet de gjer? -• Veit du kva du skal gjera for å verta betre? -• Lærer de noko når de samarbeider med andre – korleis? -
Skulen og heimen samarbeider om elevane si læring	<ul style="list-style-type: none">• Er foreldra dine interessert i skulearbeidet og korleis det går på skulen? -• Korleis merkar du det? -• Får du hjelp med leksene heime om du treng det? -
Kva er det beste med å vere elev ved Kinsarvik skule?	<ul style="list-style-type: none">• -
Kva skulle du gjerne forandra på ved denne skulen?	<ul style="list-style-type: none">• -



SAMTALEGUIDE FØRESETTE VED KINSARVIK SKULE

Tema:

Kunnskap i fokus; greier vi å inkludere alle i eit positivt læringsmiljø der tydelege krav, mål og forventningar gjennomsyrrer heile organisasjonen?

Personalet arbeider målretta og systematisk for at kvar elev skal oppleve eit positivt og inkluderande læringsmiljø	<ul style="list-style-type: none">• Har de inntrykk av at reglane for reglane for orden og åtferd blir likt praktisert av heile personalgruppa på skulen?-• Syns de at lærarane stiller realistiske krav til ungane dykkar; jfr måla på arbeidsplanen?• Korleis opplever de at lærarane jobbar systematisk for å få til eit positivt og inkluderande læringsmiljø på skulen?-
Elevane kjenner meistring i skulekvardagen	<ul style="list-style-type: none">• Korleis ser de heime at ungane føler meistring i skulekvardagen?-• Kva slags tilbakemelding er det som får ungane dykkar motivert til å arbeide godt på skulen?-
Skulen og heimen samarbeider om elevane si læring	<ul style="list-style-type: none">• Korleis får de vite kva ungane dykkar skal lære på skulen?-• Kva gjer de for å støtte ungane i læringsarbeidet heime?-• Kva rolle syns de heimane skal ha i samarbeidet om å få til eit inkluderande og positivt miljø på skulen?-• Kva forventningar har de til skulen når de kjem på konferansetimar eller til foreldremøte?-
Kva er det beste med Kinsarvik skule?	<ul style="list-style-type: none">•
Set opp eit punkt som de meiner skulen kan bli flinkare til	<ul style="list-style-type: none">•
Set opp eit punkt som foreldra kan bli flinkare til	<ul style="list-style-type: none">•

Kinsarvik skule
15.11.10 – 18.11.10



SAMTALEGUIDE PEDAGOGISK PERSONALE VED KINSARVIK SKULE

Tema:

Kunnskap i fokus; greier vi å inkludere alle i eit positivt læringsmiljø der tydelege krav, mål og forventningar gjennomsyrrer heile organisasjonen?

Personalet arbeider målretta og systematisk for at kvar elev skal oppleve eit positivt og inkluderande læringsmiljø	<ul style="list-style-type: none">• Korleis samarbeider de for at heile personalet skal handheve reglane for orden og åtferd på same måten? -• Korleis sikrar de at alle elevane er alle sitt ansvar når de er i lag på skuleområdet? -• Korleis sikrar de at alle i personalgruppa har same forståinga av ordet respekt? -• Korleis jobbar de systematisk for at kvar elev skal oppleve at læringsmiljøet er godt og positivt for seg? -• Korleis sikrar de at alle elevane opplever tydelege arbeidsplanar med realistiske mål og krav? -
Elevane kjenner meistring i skulekvardagen	<ul style="list-style-type: none">• Korleis jobbar de for å gje elevane tru på egne evner? -• Korleis må tilbakemeldingar vere om dei skal fremje motivasjon og lærelyst? -
Skulen og heimen samarbeider om elevane si læring	<ul style="list-style-type: none">• Korleis får dei føresette vite kva ungane deira skal lære på skulen? -• Kva ventar de at dei føresette skal hjelpe til med når det gjeld leksearbeid heime? -• Korleis kan skulen og heimen samarbeide om å inkludere alle i eit positivt arbeidsfellesskap? -• Kva forventar de av dei føresette når dei kjem på konferansetimar eller foreldremøte på skulen?



Skulen er ein lærande organisasjon	<ul style="list-style-type: none">• Korleis kan ein sjå at personalet ved skulen her viser vilje til endring og utvikling? -• Korleis legg leiinga til rette for at heile personalet har felles forståing av viktige omgrep som t.d respekt og positivt læringsmiljø? -• Korleis sikrar skulen at alle praktiserer handlingsplanen mot mobbing aktivt? -• Kva gjer leiinga for at alle skal kunne dele erfaring i høve til kva som skal vere "den gode timen" på Kinsarvik skule? -
------------------------------------	--

SAMTALEGUIDE ASSISTENTAR VED KINSARVIK SKULE

Tema:

Kunnskap i fokus; greier vi å inkludere alle i eit positivt læringsmiljø der tydelege krav, mål og forventningar gjennomsyrrer heile organisasjonen?

Personalet arbeider målretta og systematisk for at kvar elev skal oppleve eit positivt og inkluderande læringsmiljø	<ul style="list-style-type: none">• Korleis samarbeider de for at heile personalet skal handheve reglane for orden og åtferd på same måten? -• Korleis sikrar de at alle elevane er alle sitt ansvar når de er i lag på skuleområdet? -• Korleis sikrar de at alle i personalgruppa har same forståinga av ordet respekt? -
Elevane kjenner meistring i skulekvardagen	<ul style="list-style-type: none">• Korleis jobbar de for å gje elevane tru på egne evner? -• Korleis må tilbakemeldingar vere om dei skal fremje motivasjon og lærelyst? -
Skulen og heimen samarbeider om elevane si læring	<ul style="list-style-type: none">• Korleis kan skulen og heimen samarbeide om å inkludere alle i eit positivt arbeidsfellesskap? -
Skulen er ein lærande organisasjon	<ul style="list-style-type: none">• Korleis kan ein sjå at personalet ved skulen her viser vilje til endring og utvikling? -• Korleis legg leiinga til rette for at heile personalet har felles forståing av viktige omgrep som t.d respekt og positivt læringsmiljø? -• Korleis sikrar skulen at alle praktiserer handlingsplanen



	mot mobbing aktivt? - • Kva gjer leiinga for at alle skal kunne dele erfaring i høve til kva som skal vere "den gode timen" på Kinsarvik skule?
--	---

OBSERVASJONSSKJEMA

KLASSE: _____

Dette observerte me:	+	-	Kommentar
Vekeplanen			
- læringsmål fins			
- tema på planen			
- differensierings- moglegheiter			
Klasserommet			
- varierte metodar i undervisninga			
- konkretiseringsmateriell på veggane; læring			
- anna konkr. materiell			
Eleven			
- teikn til differensiering			
- tilbakemelding i bøkene			
- smilefjes			
- type bra/ flott/ supert			
- konkret på utført arbeid			
- framovermelding			
Læringsmiljø			
- respekt			
- tryggleik			
- orden			

Kinsarvik skule
15.11.10 – 18.11.10



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

- ro			
- varme/ omsorg			
- læringstrykk			
- struktur og flyt i timane			